



Kviteseid misjonskyrkje

MISJONSKIRKEN NORGE

Referat frå styremøte onsdag 5. juni 2019 kl 19.30

Til stades:

Ane S. Holm (2018-2019)

Åsbjørg Hægeland (2019-2020)

Sigrun Lønning Solvang (2019-2020)

Øystein Kvamme (2018-2019)

Mari Songe (2018-2019)

Opning og mat ved Åsbjørg: «Guds rike er nær»

Sak 17/19: Godkjenning av referat frå styremøtet 10. april 2019

Referatet er godkjend utan merknadar

Sak 18/19: Vegene vidare for kyrkja vår

- Styret tar til etterretning at Åsbjørg har takka nei til vidare stilling i kyrkja vår og takkar for innsatsen. Vi drøfta også ulike modellar for konfirmantarbeid i framtida. T.d. eit utvida samarbeid med kyrkja og/eller å dele jobben på fleire frivilljuge. Det er lurt at ungdommane våre får tilbod om å vere med på konfirmantleir på Vegårtun i regi av Misjonskyrkja.
- Vi veljer å ikkje melde oss på *Menighetsskolen* no i denne omgang. Vi trur ikkje vi har nok folk med kapasitet til delta.
- Vi drøfta kva vi kan gjere for å få med fleire i kyrkja vår. Vi trur svært mange i bygda vår veit lite om kva vi driv på med, kven som er her osv.
- Idear:
 - Invitere VTB / utfordre VTB til å lage ei sak om menighetslivet i Vest-Telemark.
 - Fortsetje å bygge relasjonar, bevisstgjerer kring dette.
 - Gjere meir ut av den årlege innsamlinga av klede (fleire folk frå menigheten i aksjon, invitere inn folk, tilby kaffi osv)
 - Konkret og trinnvis plan for å få med fleire: 1. Tenk 2. Be 3. Relasjon 4. Invitasjon
 - Fellesskapskveldar
 - Huske fokuset på KVIFOR vi vil ha med fleire med!

Sak 19/19: Årsplan for komande halvår

Sundagstreffkomiteen har kome med følgende forslag til datoar for hausten:

- 25. august Sundagstreff Jan Danielsen
- 8. september Sundagstreff Øyvind Slåtta. Felles tale. Basar/amr auksjon
- 22. september Sundagstreff
- 20. oktober Sundagstreff
- 3. november Sundagstreff
- 17. november Sundagstreff
- 15. desember Jolemøte

- Sigrun L. S spør Gunstein Draugedalen om å delta på jolemøtet (trass i at han antyda det var siste gong i fjor.) Dersom han seier nei vil vi lage jolesongkveld med mange fellessongar og bakgrunnshistorier for ulike jolesongar.

Andre planar:

- Utfordre ungdommane til å lage bønnevandring eit sundagstreff og kombinere dette med vitnemøte
- Ein kreativ kveld som alternativ sundagstreff
- Besøk av Ansgarskulen

Andaktstema for hausten er ikkje fastsett. Forslag er:

- Identiteten vår i Gud.
- Kva er det som er så bra med å vere kristen?
- Frihet.
- Relasjonar.
- Kvifor skal vi fortelje om Jesus?
- Invitere «sannhetsvitne»?
- Nådegåver (*del II*)?

Andre forslag er å flytte eitt sundagstreff til kl 11 og arrangere fjelltur etterpå.

Sundagstreffkomiteen ynskjer meir bøn i møtet og etter møtet.

Sundagstreffkomiteen ynskjer at styret skal arrangerer fellesskapskveldar i heimane. Styret bestemte to slike kveldar i haust: 27. oktober kl 19 hos Holm, 10. november kl 19 hos Solvang. Holm og Solvang snakkar saman om opplegget.

Styret vil ikkje ha arrangere fleire vaksenmøtar dette halvåret.

Nokre har fått tilbakemeldingar på at møta er litt lange. Kva kan vi kutte? Dersom forsamlinga ikkje får nye småborn, kan vi på sikt kutte navne-klistringa og småbarnssongane.

Sak 20/19: Konferanse «Gi Jesus videre»

Konferanse i Kristiansand 22. -24. november.

Styret ynskjer å lage dette til ein fellestur for flest mogleg frå Betel. Betel sponsar halve påmeldingssummen for dei som blir med. Til hausten vil vi drøfter med dei som er interesserte om det er ønskeleg med felles overnattingsplass eller ikkje.

Sak 21/19: Vidare engasjement for Fornebu Misjonskyrkje

Sjå vedlagt kopi av e-post frå Anne Hansli. (Under)

Vi vil halde fram med å be for Fornebu Misjonskyrkje. På neste årsmøte vil vi drøfte om vi skal bli formell støttemenighet. Vi kan også vurdere å invitere dei hit til Kviteseid for å bli inspirert.

Sak 22/19: Bønemøte på sommaren

Vi oppmodar menigheten til å halde fram å møtast kl 20.30 på onsdagar, sjølv om det ikkje er sett opp nokon til å ha ansvar for desse møta.

Sak 23/19: Eventuelt og informasjon

- Sigrun og Åsbjørg orienterte kort om leiarsamlinga i Notodden 29. april.
- Misjonskyrkja sentralt sender no ut bønebrev. Styret har fått dette utlevert og er oppmoda til å bruke dette.
- Paint-ballutstyret er no solgt for 6000 kr til Jarand Barstad.

Neste styremøte 28. august kl 18.00. Ane har mat og opning.

Åsbjørg Hægeland, sekretær

Vedlegg 1. E-post frå Anne Hansli:

«Hei, og takk for tilbakemelding og at du henger opp plakata!

Og takk for at de ber for oss her på Fornebu. Dersom de ynskjer å ha litt meir formell kontakt, kan de bli støttemenighet. Misjonskirken Norge har skrive dette om kva det inneber å vera støttemenighet:

Støttemenighet

Å være støttemenighet innebærer å gi planteprosjektet fast økonomisk støtte i prosjektperioden, via Misjonskirken Norge sentralt. Beløpet bestemmes ut i fra hva støttemenigheten har mulighet til og ønsker å gi, der de fleste gir mellom 20.000 og 50.000 kr i året. Likevel kommer all støtte godt med og må vurderes ut fra menighetens forutsetninger og prioriteringer. Prosjektlederen informeres om det årlige beløpet for å bidra til økonomisk forutsigbarhet og gjøre planlegging lettere. En gang hvert halvår, i juli og desember, mottar støttemenigheten en rapport fra Misjonskirken Norge, som prosjektlederen har skrevet. Rapporten er et verktøy til å samle informasjon og gi alle involverte parter oppdateringer om utviklingen av menighetsplanten. Dette dokumentet er delvis offentlig, informasjon av sensitiv karakter skrives derfor ikke inn i denne rapporten.

Utenom rapporten holder prosjektlederen selv kontakt med sine støttemenigheter for å takke for gavene, dele bønnebehov og fortelle om utviklingen i prosjektet. Hvor tett kontakten er mellom prosjekt og støttemenighet er opp til den enkelte prosjektlederen og støttemenigheten. Her finnes det mange muligheter og det er fullt mulig å være involvert på andre områder enn økonomi! I startfasen trenger en menighetsplante ofte praktisk hjelp slik at startteamet kan fokusere på å bygge relasjoner med nærmiljøet. En støttemenighet kan gjerne sende over et team av og til som hjelper med kjøkkenhjelp, lovsang, barnepass eller andre behov. Støttemenigheter kan og gjerne invitere prosjektleder eller startteam på besøk for å tale eller delta på gudstjeneste, slik at menigheten blir kjent med prosjektet de støtter. Når det bygges relasjoner menighetene imellom skapes eierskap og nærhet til prosjektet man støtter. Forbønn for menneskene i prosjektet er og veldig verdifullt.

Nasjonal avdeling håper flere menigheter begynner å se på menighetsplanting som misjon i Norge, og ønsker å støtte de nasjonale prosjektene i den sårbare og utfordrende startfasen. Planteprosjektet blir støttemenighetens hjemmemisjonsprosjekt, og hjerteslaget bak menighetsplanting handler om å nå nye mennesker med evangeliet. Om prosjektet lykkes vil det bety at nye mennesker får bli kjent med Jesus og at flere mennesker får tilbud om et meningsfullt felleskap å være en del av i sitt nabolag!

De kan sjå på det, eg kan også koma å fortelje om det eg driv på med.

For tida er det tre ting som eg har fokus på:

- 1. «Startteam»:** Vi er 6 personer som møtes jevnlig for å be og finne ut av vegen framover. Vi planlegg å ha nokre offentlege samlingar til høsten med fokus på bønn og lovsang. Dette for å sjå om det er fleire kristen som kan tenke seg å vera med.
- 2. «Etter skoletid»:** Dette er eit tilbod kvar torsdag ettermiddag til elevane på 5. trinn på Storøya Skule her på Fornebu. Det er mellom 20 og 37 barn som kjem kvar gong.
- 3. Strikkekafe:** Annankvar tysdag møtes mellom 15 og 18 damer på ei kafe på Fornebu Senter for å strikk og skravle om strikking og livet.»